

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 24.11.2023
SAKSHANDSAMAR: Terje Arne Krokvik og Synnøve Odden Teigeli
SAKA GJELD: **Orientering om status for lånesøknad til investeringsprosjekt i Helse Stavanger og Helse Bergen**

ARKIVSAK: 2023/863
STYRESAK: 120/23

STYREMØTE: 06.12.2023

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tar saka til orientering
2. Styret ber administrerande direktør melde inn lånebehov for følgjande prosjekt med atterhald om endeleg godkjenning av konseptrapport og vedtak om lånesøknad i ekstraordinært styremøte i januar 2024:
 - Lån til første fase (SH2-1) av byggetrinn 2, Nye Stavanger universitetssjukehus, basert på ei kostnadsramme på 1,7 mrd. kroner og eit lån på 1,2 mrd. kroner
 - Lån til prosjektet Ombygging av KK-bygget (Årstadshuset) til psykiatri og rusbehandling basert på ei kostnadsramme på 650 mill. kroner og eit lån på 455 mill. kroner

Bakgrunn

Styret i Helse Vest RHF behandla i møte den 14. juni 2023 sak om rullering av økonomisk langtidsplan for perioden 2024-2028, jf. styresak 59/23. Dei økonomiske rammene er stramme og som følgje av dette blei investeringar som ikkje er i gjennomføringsfasen utsett i tid.

Det er likevel viktig at Helse Vest RHF har planverket rundt dei store investeringsprosjekta klart slik at ein kan gå vidare med planlegging og avgjerd om gjennomføring av dei aktuelle investeringane når den økonomiske berekrafta gjev løyve til dette.

I styresak 59/23 vart Helse Stavanger og Helse Bergen bedt om å greie ut moglegheita for økonomisk berekraft til følgjande prosjekt:

- Første fase av byggetrinn 2, Nye Stavanger universitetssjukehus (Helse Stavanger)
- Vidareutvikling av Haukelandsområdet (Helse Bergen)

Det er mål om å sende søknad om lån til Helse- og omsorgsdepartementet i år. Vidare blei det vist til at utgreiinga må følgje gjeldande prosedyre for avgjerd om investeringar og ha tilstrekkeleg underlag for å kunne søkje lån frå staten, under føresetnad av at det er økonomisk berekraft.

Helse Stavanger og Helse Bergen har styrebehandla sine konseptrapportar, med tilhøyrande lånesøknad, tett opp mot Helse Vest RHF sitt styremøte i desember. Tidsplanen har derfor ikkje gjort det mogleg å leggje konseptrapportane fram til fullstendig behandling i Helse Vest RHF i desember.

Ein lånesøknad frå Helse Vest RHF til staten må først bli gitt som eit innspel til statsbudsjettet. Helse Vest RHF har i styremøte 6. desember 2023 ein eigen sak om innspel til statsbudsjett 2025, jf. sak 127/23. Ein søknad om lån er ikkje innarbeidd i denne styresaka.

Eit innspel til statsbudsjettet om lån til investeringar må vere forankra i Helse Vest RHF sitt styre gjennom eit styrevedtak. Behandling av lånesøknad hos HOD må igjen vere basert på ein vedtatt konseptrapport utarbeidd i samsvar med rettleiaren for tidlegfasen og som i tillegg har vore eksternt kvalitetssikra.

Det er i dialog med HOD avklart at ein formell søknad om lån, med tilhøyrande konseptrapport for aktuelle investeringsprosjekt, kan bli ettersendt i januar 2024.

Fakta

Styret i Helse Vest RHF behandla styresak 59/23 Økonomisk langtidsplan 2024-2028 i styremøte 14. juni 2023. Styret fatta mellom anna følgjande vedtak:

7. *Helse Stavanger blir bedt om å utgreie moglegheita for økonomisk berekraft til første del av fase II nye SUS med mål om å sende søknad om lån frå Helse- og omsorgsdepartementet i år. Utgreiinga må følgje gjeldande prosedyre for*

avgjerd om investeringar og ha tilstrekkeleg underlagt for å kunne søkje lån frå staten under føresetnad av at det er økonomisk berekraft.

8. *Helse Bergen blir bedt om å utgreie moglegheita for økonomisk berekraft til utvikling av Haukelandsområde med mål om å sende søknad om lån frå Helse- og omsorgsdepartementet i år. Utgreiinga må følgje gjeldande prosedyre for avgjerd om investeringar og ha tilstrekkeleg underlagt for å kunne søkje lån frå staten under føresetnad av at det er økonomisk berekraft*

Med bakgrunn i dette har Helse Stavanger og Helse Bergen fremma lånesøknad til Helse Vest RHF.

Kommentar

Nye Stavanger universitetssjukehus, byggetrinn 2 – første fase (SH2-1):

Helse Stavanger har i løpet av hausten 2023 ferdigstilt konseptrapporten for byggetrinn 2. Hovudkonklusjonen i konseptrapporten er ei anbefaling om å gå vidare med neste steg i å flytte verksemda til Ullandhaug. Anbefalt første fase er å byggje eit bygg for somatisk poliklinikk og dagbehandling for medisinske fag på tomte SH2-1.

Styret i Helse Stavanger har i styremøte 22. november 2023 godkjent konseptrapporten for byggetrinn 2, og anbefalt første fase (SH2-1) for vidareføring til forprosjekt. Prosjektet har ei forventa kostnadsramme på 1,483 mrd. kroner og eit lån på 1,1 mrd. kroner basert på P50 kalkyle. Oppstart av forprosjekt føresett at lån blir innvilga. Vidare er det ein føresetnad at avgjerd om oppstart av forprosjekt blir gjort i ein eigen styresak.

Konseptrapporten er utarbeidd i samsvar med rettleiaren for tidlegfasen, og det er gjennomført ekstern kvalitetssikring.

Styret i Helse Stavanger har i styresak 92/33 fatta følgjande vedtak:

1. *Styret i Helse Stavanger godkjenner konseptrapporten for BT2, SH2-1 for vidareføring til forprosjekt. Administrasjonen holder styret løpende orientert om fremdriften i forprosjektet.*
2. *Styret ber administrerende direktør legge forventet verdi på 1,483 milliarder kroner til grunn for bygging på SH2-1, og søke Helse Vest RHF om investeringslån på inntil 1,1 milliard kroner.*
3. *Styret ber administrerende direktør innarbeide forslag fra ekstern kvalitetssikring i forprosjektfasen. Endringene knyttet til beregning av økonomisk bærekraft bør innarbeides til neste rullering av økonomisk langtidsplan. Realrente og en tidsperiode frem til 2040 vurderes som spesielt viktig for å gi styret et godt beslutningsgrunnlag.*
4. *Dersom lånesøknaden innvilges, vil styret i Helse Stavanger få lagt frem en sak til beslutning om fullføring av forprosjekt for første fase av BT2, basert på konseptrapporten med oppdaterte kalkyler for gjennomføring.*

5. *Styret ber administrasjonen i det videre sikre at finansieringsbehovet i BT2 ikke bidrar til en større påkjenning på medarbeidere eller går ut over foretakets evne til å ivareta sine lovpålagte oppgaver.*

Sjølv om den økonomiske berekrafta i Helse Stavanger vil vere stram, vurderer føretaket likevel at ein oppstart av første fase i byggetrinn 2 vil ha positiv effekt på pasientbehandlinga, gi betre samhandling og arbeidsmiljø og gi moglegheit for å vidareføre kompetansen frå prosjektorganisasjonen for bygg, endring- og planleggingskompetanse.

I føretaket si vurdering av økonomisk berekraft blir det også lagt til grunn ei betraktning rundt realrente. Bruk av realrente er vurdert til å vere meir treffsikker i forhold til at dei andre kostnadene i plangrunnlaget er uttrykt i fast kroneverdi (2023).

Helse Vest RHF vil i vidare dialog med HOD basere kostnadsramma på P85 som gir ein kostnad på 1,7 mrd. kroner og eit lån på 1,2 mrd. kroner.

Vidareutvikling av Haukelandsområdet

Det samla prosjektet består av tre større tiltak kor det innanfor to av desse er fleire mindre enkeltprosjekt. Helse Bergen har i styresak 88/23 gjort ei prioritering av desse tre hovudtiltaka:

1. Ombygging av KK-bygget (Årstadshuset) til psykiatri og rusbehandling, 650 mill. kroner
2. Ombygging av Sentralblokk (fleire enkelttiltak), 2 667 mill. kroner
3. Nytt bygg bak Armauer Hansens hus mm., 1 242 mill. kroner

Styret i Helse Bergen har i styremøte 26. oktober 2023 godkjent modifisert konseptrapport for vidareutvikling av Haukelandsområdet med ei forventa kostnadsramme på 4,9 mrd. kroner fram mot 2034 og eit lån på 3,4 mrd. kroner, jf. styresak 88/23. Det vart fatta følgjande vedtak:

1. *Styret i Helse Bergen godkjenner at modifisert konseptrapport for Vidareutvikling av Haukelandsområdet, ref. styresak 85/22, blir vidareført til forprosjekt.*
2. *Styret i Helse Bergen ber om at det i forprosjektfasen blir arbeidd vidare med merknader frå ekstern kvalitetssikring.*
3. *Kostnadsramma for det samla prosjektet blir satt til kr. 4,899 mrd. i 2023-kroner.*
4. *Dei ulike delprosjekta må bli organisert og styrt slik at prosjekta kan gjennomførast innanfor kostnadsramma og med forventa kvalitet.*
5. *Det er ein føresetnad at framdrifta i delprosjekta blir styrt innanfor tilgjengeleg likviditet. Dersom planlagt økonomisk resultat i føretaket endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringsplanen.*
6. *Styret i Helse Bergen gjer administrerande direktør fullmakt til å søkje investeringslån på inntil kr. 3,429 mrd. til vidareutvikling av Haukelandsområdet. Låneopptaket må vere tilpassa føretaket si økonomiske bereevne i langtidsperioden*
7. *Helse Bergen vil i styremøte 18. desember 2023 behandle konseptrapporten for første delprosjekt, ombygging av KK-bygget (Årstadshuset) til psykiatri og rus behandling.*

Vedtaket frå styret i Helse Bergen er ikkje basert på ein konseptrapport i samsvar med rettleiaren for tidlegfasen. I staden er det nytta ein teknikk med ein såkalla modifisert konseptrapport. Dette er ei løysing Helse- og omsorgsdepartementet tidlegare har opna for ved større oppgraderings-/vedlikehaldsprosjekt.

Den modifiserte konseptrapporten blei utarbeidd i 2022, og den er også underlagt ei ekstern kvalitetssikring hausten 2022. Det ligg ikkje føre oppdatert kvalitetssikring i samband med styrebehandlinga i Helse Bergen. Det ligg heller ikkje føre usikkerheitsanalyse per tiltak med godt funderte vurderingar som syner usikkerheita i enkelttiltaka. Tanken til helseføretaket er at neste steg for kvart av tiltaka, er at desse skal vidareutviklast enten i ei fullverdig konseptutgreiing eller i eit forprosjekt. Videre vil det som del av dette bli gjennomført konkrete berekningar av basiskostnadar og gjennomført kvalitetssikring av delprosjektet.

For tiltaket «Ombygging av KK-bygget» vil det bli lagt fram eit fullverdig eksternt kvalitetssikra konsept i styremøte i Helse Bergen 18. desember 2023. Når det gjeld delelementa i dei to andre hovudtiltaka, er planen at desse skal utviklast vidare i løpet av 2024.

Konklusjon

Administrerande direktør vurderer det som viktig å sikre planverket rundt dei store investeringsprosjekta i Helse Stavanger og Helse Bergen. Ein kan då gå vidare med planlegging og avgjerd om gjennomføring av dei aktuelle investeringane når økonomisk berekraft er tilfredsstillande.

I samsvar med rettleiaren for tidlegfasen er utgangspunktet at det som grunnlag for ein lånesøknad skal vere utarbeidd ein konseptrapport, og det skal ha vore gjennomført ekstern kvalitetssikring. Helse Vest har i dialog med både Helse Stavanger og Helse Bergen understreka at det ved innsending av lånesøknad må ligge føre ein oppdatert kvalitetssikring. Dette er gjennomført for første fase av byggetrinn 2 i Helse Stavanger. For Helse Bergen sin del gjelde det same for prosjektet «Ombygging av KK-bygget», medan dette ikkje er gjennomført for dei to andre hovudtiltaka. Det er derfor berre dette hovudtiltaket som per desember 2023 vil kvalifisere for behandling av lånesøknad i departementet. For dei to andre tiltaka, må Helse Bergen som eit minimum gjennomføre ein oppdatert ekstern kvalitetssikring dersom det skal søkast om lån for desse tiltaka no.

Helse Bergen ved administrerande direktør har som ledd i styringsdialog med Helse Vest RHF, konkludert med at det ikkje lar seg gjere å få gjennomført ei tilfredsstillande kvalitetssikring innan dei fristar som no er sett for endeleg innsending av lånesøknad. Helse Bergen ønsker derfor at lånesøknaden for statsbudsjettet 2025 blir avgrensa til hovudtiltaket «Ombygging av KK-bygget». Denne løysinga tydeleggjer Helse Bergen sin prioritering og treng ikkje å verke inn på framdrifta av dei andre hovudtiltaka. Desse tiltaka ligg lengre fram i tid i den overordna arealplanen for Haukelandsområdet. Helse Bergen vil derfor nytte 2024 til å vidareutvikle desse prosjekta med tanke på lånesøknad for statsbudsjettet 2026. Denne konklusjonen vil bli forankra i styret i Helse Bergen HF i styremøtet 18. desember 2023.

Administrerende direktør tilrår på denne bakgrunn at Helse Vest RHF melder inn lånebehov knytt til følgende prosjekt:

- Lån til første fase (SH2-1) av byggetrinn 2, Nye Stavanger universitetssjukehus, basert på ei kostnadsramme på 1,7 mrd. kroner og eit lån på 1,2 mrd. kroner
- Lån til prosjektet Ombygging av KK-bygget (Årstadshuset) til psykiatri og rusbehandling basert på ei kostnadsramme på 650 mill. kroner og eit lån på 455 mill. kroner

Det blir teke atterhald om endeleg nivå på kostnadsramme og lån til ombygging av KK-bygget. Helse Bergen har opplyst at resultatet av endeleg usikkerheitsanalyse vil vere klar innan 5. desember. Administrerende direktør vil orientere om resultatet av denne i styremøte 6. desember 2023 og tilrå eventuell endring av lånebehovet i vedtaket.

Det blir teke atterhald om endeleg godkjenning av konseptrapportar og vedtak om lånesøknad i ekstraordinært styremøte i januar 2024.

Ein søknad om lån inneber i seg sjølv ingen risiko for Helse Vest RHF. Helse Vest RHF kan la vere å ta opp lån dersom den økonomiske berekrafta viser seg å ikkje vere tilstrekkeleg.

Helse Vest RHF vil fram mot ekstraordinært styremøte i januar 2024 utarbeide styresak om konseptrapport med tilhøyrande lånesøknad for dei aktuelle prosjekta. Lånesøknad blir oversendt Helse- og omsorgsdepartementet medio januar til vidare behandling inn mot statsbudsjett 2025.